

# Årsmelding 2012

## Norsk Jersey

Årsmøtet for 2011 vart halde på Bryne Kro og Hotell fredag 2. mars 2012. Det møtte 23 stk.

Det siste året har det vore sær sars engasjerande å driva med Jersey kyr. Me har ein god mjølkepris og ein stor etterspørsel etter livdyr. TINE sine utfordringer med for lite fett og fylgjande auke fettbetalinga har auka interessa for rasen. I 2011 var det 465 buskaper som nytta Jerseysæd. I 2012 har talet auka til 498.

Avdrotten i jerseybuskapane er aukande og 3 buskaper kom med på avdrottslistene for 2012.

Navn	Antall årskyr	Kg melk	Fett %	Protein %	Laktose %	Kg EKM
Kåre S. Undheim	37,1	8840	6,18	4,13	4,65	11743
Jærkua Samdrift DA	69,1	7809	6,30	4,10	4,66	10474
Olav Taksdal	20,2	7179	6,59	4,03	4,65	9841

Desse buskapane er svært gode ambassadører for rasen.

Heimesida har teke form og kan med fordel nyttast meir. Lars og Marta tek gjerne imot meir stoff.

Avlsplanlegginga i samarbeid med Viking er godt i gang og fungerer etter måten godt. Det er berre å melda seg på.

### Aktivitetar i året

NJ har i 2012 delteke på husdyrutstilling på Varhaug og i Seljord. Takk til alle som møter med dyr på utstilling. I oktober var Per Ådne, Olav Og Kåre med ektefeller på Europeisk Jerseyforum på Jersey. Det var ei minneverdig oppleving. I Januar 2013 var formannen på møte i Oslo med leiinga i TINE, GENO, Nortura og Norges Bondelag for å diskutera framtida for Jerseykua i Norge. Det var eit godt og klargjerande møte.

Styret har siste året vore:

Per Ådne Skårland forman, Olav Taksdal, Rune Bauge, Miriam Sør-Reime og Olav Rio Holstad

Vara: Kåre Sigurd Undheim og John Tjåland

<b><i>Dyr i Ku Kontrollen</i></b>	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012
Kyr	1574	1453	1456
Kviger over 12 mnd, inseminert	347	305	343
Kviger over 12 mnd totalt	740	771	770
Kviger under 12 mnd	298	647	737
Oksar over 12 mnd	118	95	103
Oksar under 12 mnd	453	427	330